



Bondelaga i Hå

-Nærbø, Varhaug og Søre-Hå-

Det kongelige Landbruks- og Matdepartement
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

postmottak@lmd.dep.no

17. desember 2009

HØRINGSBREV - FORSLAG TIL VERNEHJEMMEL I JORDLOVEN

Landbruket på Jæren og i Hå kommune er eit viktig "matfat" sett i eit nasjonalt perspektiv. Det vert produsert mykje mat som går ut av vår region. Det er mange unge som vel å satse i landbruket på Jæren og dette er eit område som og i framtida vil ha stor mat produksjon.

Bondelaga i Hå støttar derfor for eit forslag til vernehjemmel i jordlova for varig vern av dyrka jord.

Styresmaktene stiller krav til jordbruket om betre dyrevelferd, høg matkvalitet og meir effektiv drift. Landbruket på Jæren er i utvikling heile tida. Det vert bygd nye bygningar til både ku, gris, sau og fjørfe jamfør desse krava. Samtidig er det mange "gamle" bygningar som treng fornying med eventuelle tilbygg, siloar, gjødslekummar etc. Ved rasjonell drift med større maskinar treng ein og gardsvegar fram til markene.

Bondelaga i Hå meiner at meldingar/søknadar som gjeld omdisponering av jord til driftsbygningar i jordbruket m/ tilleggsbehov som nemt over, vert sendt til og behandla av kommunen.

Det vert fort mykje byråkrati om dette skal til Fylkesmannen. Noko som kan hemme bøndene sin satsingsvilje. Det er enklare for bøndene når ein møtar nokon i forvaltninga som har lokal kunnskap og forståing.


Ved at meldingar/søknadar skal sendast til Fylkesmannen vert og dei lokale bondelaga svekka i prosessen.


Med vennleg helsing


Søre-Hå Bondelag

Varhaug Bondelag

Nærbø Bondelag


Abraham Aarsland
-leiar-


Ole Andreas Aarsland
-leiar-


Jofrid Torland Mjåtveit
-leiar-